



# STATENS DYREHELSETILSYN

## Fylkesveterinæren for Møre og Romsdal

Saksbeh.: **Asle-Håvard Miklegard**  
Dir.tlf. 71 25 86 58  
E-post: miklegard@dyrehelsetilsynet.no

Dato: 10.06.2003

Arkivnr.: 751.1

Vår ref.: 03-00203-005

Dykkar ref.: 02/02507

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 828	Doknr.: -23
Mottatt: 12 JUN 2003 MP/SDD	
Saksbeh.: CH0	Ark.: 750
Kopi:	Avskr.:

Landbruksdepartementet, avdeling for matproduksjon og helse  
Postboks 8007 Dep  
0033 Oslo

### HØRING – FORSLAG OM ENDRING AV DYREVERNLOVA – TILSYNSMODELL OG VERKEMIDDEL

Landbruksdepartementet har sendt ut på høring eit forslag til endring av dei delane av dyrevernlova som gjeld tilsynsmodell og verkemiddel, med høringsfrist 15.06.2003.

Høringsbrevet er sendt ut under føresetnad Stortinget sluttar seg til stortingsmeldinga på dette punktet. Stortinget har samstemmig vedteke innstilling S. nr. 226, der det går fram at "Komiteens flertall (...) ønsker ikke å redusere nemndenes rolle i dyrevernarbeidet".

Føresetnadene for den delen av høringsutkastet som gjeld *tilsynsmodell* har med dette falle bort. Fylkesveterinæren for Møre og Romsdal vil derfor berre kommentere dei delane av lovframlegget som gjeld *verkemiddel*.

#### Merknader til dei einskilde føresegnene i lovframlegget:

##### § 3 - om inspeksjon

Fylkesveterinæren støttar framlegget til endring. Særleg er det positivt at det blir presisert i lovteksten at tilsynet og nemndene også kan inspisere "dyrerom o.l. utan samtykke frå den som rår over eigedommen". Sjølv om også gjeldande § 3 slår fast dyrerom til kvar tid kan inspiserast, er det av mange blitt tolka slik at inspeksjon utan aktivt samtykke berre kan gjennomførast med hjelp frå politiet. Det er vidare positivt at dyreeigar blir pålagt å leggje forholda til rettes for at tilsynet kan gjennomføre inspeksjonen.

##### Ny § 6a – varsling

Det er svært positivt om dyrevernlova slår fast ei allmenn plikt til å varsle tilsynet dersom dyr kjem i fare for alvorleg vanrøkt eller skade. Personell, som på ulike måtar er i forretningsmessig kontakt med landbruket (dyrebilsjåførar, mjølkebilsjåførar etc. og næringsdrivande av ulikt slag), har stilt spørsmål ved om dei skal "sladre" på kundane sine. Ved å innføre ei allmenn varslingsplikt, blir det lettare å bestemme seg for å melde frå.

##### Ny § 23a – tap av retten til å ha dyr

Fylkesveterinæren støttar framlegget og vurderingane som ligg bak. I saker der tilsynet innstiller på at dyreeigar skal dømmast frå retten til å ha dyr, skyldast det at ein vurderer at vedkommande ikkje er egna til å røkte dyr på ein dyrevernmessig forsvarleg måte. I slike tilfelle bør ein kunne nekte vedkommande å ha dyr inntil rettskraftig dom ligg føre. Det er såleis i dei mest alvorlege sakene dette vil vere aktuelt.

Om ein skal gje tilsynet heimel til å ta frå ein dyreeigar retten til å ha dyr i mindre alvorlege saker (der ein ikkje innstiller på frådømming), er eit anna spørsmål. Dersom saka ikkje er alvorleg nok til at tilsynet vil innstille på frådømming, bør ein ikkje nytte dette verkemidlet. Når ein først gjev karantene, bør karantenen vare inntil rettskraftig dom ligg føre.

Fylkesveterinæren for M&R foreslår derfor å endre siste komma i ny § 23 a til:

*"(...) kan bli pålagt å avvikle dyrehaldet inntil det ligg føre rettskraftig dom etter § 32".*

### § 26 – Tvangsmulkt

Fylkesveterinæren støttar framlegget og dei vurderingane som ligg bak. Det er viktig og nødvendig at tilsynet har maktmiddel for å få gjennomført vedtak.

Med helsing

  
Ivar Røn  
Fylkesveterinær

  
Asle-Håvard Miklegård  
Seksjonssjef for dyrevern og sjukdom hos landdyr

Gjenpart: Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltninga